



Øyvind Ommedal
Skurtveitvegen 8

5917 ROSSLAND

Dykkar ref.
Vår ref. Lillian Straumøy Brakstad

Journalp.ID 13/10663
ArkivsakID 2013000271
Arkiv nr. GBNR-47/10, N-511

Dato 18.07.2013

GODKJENNING TILTAK UTAN ANSVARSRETT - OPPFØRING AV TØRRMUR VED NAUST OG UTSKIFTING AV FLYTEBRYGGE PÅ ROSSLAND, GNR 47 BNR 10

Saka er behandla etter delegert mynde frå kommunestyret.

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Utval for drift og utvikling	18.06.2013	ANB	040/13
Delegasjonsvedtak Plan, utbygging og kommunalteknikk	18.07.2013	LSB	303/13

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	04.02.2013	Øyvind Ommedal	SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK UTAN ANSVARSRETT OPPFØRING AV TØRRMUR VED NAUST OG UTSKIFTE AV FLYTEBRYGGE - GNR 47 BNR 10 - SØKNAD OM DISPENSASJON.
2	U	07.02.2013	Øyvind Ommedal	FØREBELS SVAR PÅ SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK PÅ GNR 47 BNR 10.
3	U	22.04.2013	Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga; Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal og samfunnsplanavdelinga	SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ 100 METERSBELTET TIL SJØ - OPPFØRING AV TØRRMUR VED NAUST OG UTSKIFTE AV FLYTEBRYGGE PÅ ROSSLAND, GNR 47 BNR 10. HØYRING.
6	U	19.06.2013	Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga; Fylkesmannen i Hordaland - Kommunal og samfunnsplanavdelinga	SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ 100-METERSBELTET TIL SJØ - OPPFØRING TØRRMUR VED NAUST OG UTSKIFTING AV FLYTEBRYGGE - GNR 47 BNR 10
5	U	19.06.2013	Øyvind Ommedal	SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ 100-METERSBELTET TIL SJØ - OPPFØRING AV TØRRMUR VED NAUST OG UTSKIFTE AV FLYTEBRYGGE - GNR 47 BNR 10
7	U	18.07.2013	Øyvind Ommedal	GODKJENNING TILTAK UTAN ANSVARSRETT - OPPFØRING AV TØRRMUR VED NAUST OG UTSKIFTING AV FLYTEBRYGGE PÅ ROSSLAND, GNR 47 BNR 10

Adresse
Postboks 79
5906 Frekhaug
Besøksadr. Havnevegen 41 A
postmottak@meland.kommune.no

Telefon:
56 17 10 00

Telefaks:
56 17 10 01
avd. 56 17 11 61

Bankkonto:
1503.18.83722

Heimeside:
www.meland.kommune.no
Kartinformasjon:
www.nordhordlandskart.no

Eigedom: 47 / 10 / /
Byggjeblass: Rossland
Tiltakshavar: Øyvind Ommedal
Planstatus: Kommuneplan - LNF

Søknad om: Oppføring av tørrmur ved naust og utskifting av flytebrygge

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad stempla motteke 05.02.2013 i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av tørrmur ved naust og utskifting av flytebrygge på gnr. 47 bnr. 10 på Rossland.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som LNF-område. Utval for drift og utvikling gav i møte 18.06.2013, UDU.sak 040/13, dispensasjon frå forbod mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag for omsøkt tiltak. Kommunen har ikkje motteke klage på vedtaket frå regionale instansar.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 04.02.2013. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart stempla motteken 05.02.2013. Tiltaket må verte brannsikra i samsvar med teknisk forskrift av omsyn til fare for brannsmitte. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

VEDTAK:

”Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til oppføring av tørrmur ved naust og utskifting av flytebrygge på Rossland, gnr. 47 bnr. 10 i samsvar med søknad stempla motteke 05.02.2013.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar stempla motteke 05.02.2013.

Plassering som vist på kart stempla motteke 05.02.2013 og med følgjande toleransekrav: I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Plan, utbygging og kommunalteknikk

Anny Bastesen
Sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
Konsulent